

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Bente Bing Kleiva	FA - D11	15/2318

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
14/2016	Utval for levekår	PS	19.01.2016
11/2016	Kommunestyret	PS	10.02.2016

Søknad om forlenging av disposisjonsrett av bana ved Vestbygd skule

Vedlegg:

Søknad om forlengelse av dispensasjon
Sakspapir - vedtak sak 50/2015

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Nordre Holsnøy Idrettslag (NHIL) sende ein søknad om disposisjonsrett av grusbana ved Vestbygd skule i august 2015. Saka vart behandla på møte i ULK 8.9.2015 med positivt vedtak om disposisjonsrett i tjuve år. På dette tidspunktet var NHIL innstilt på at det ikkje var mogeleg å søke spelemidlar sidan bana ikkje ville tilfredsstillе krava for banestorleik. Etter nærare oppmåling er det no slik at bana er ca ein halv meter for lita på alle sider for å tilfredsstillе måla for banestorleik. Sidan den tid har Tenesteområde kultur vore i kontakt med Idrettsavdelinga i Hordaland fylkeskommune, dei har opna for at det kan søkjast om dispensasjon frå kravet. Når NHIL skal søkje om spelemidlar er kravet at disposisjonsretten må vere på minst 30 år, di for søker dei no om utviding av disposisjonsretten.

Vurdering

I vurderinga i sak 50/2015 legg administrasjonen til grunn både den positive effekten oppgradering av bana ved Vestbygd skule vil ha for skulen, nærmiljøet og idretten i denne delen av Meland kommune. For NHIL vil støtte i form av spelemidlar vere av stor betydning og for Meland kommune vil dette føre til at bana vert registrert i idrettsanleggsregisteret noko som styrker tilbod av idrettsanlegg i kommunen.

Folkehelse: positivt tiltak for elevar og nærmiljø

Miljø: ingen negative faktorar

Økonomi: ikkje vurdert i saka

Konklusjon

Nordre Holsnøy Idrettslag bør få utvide disposisjonsretten til 30 år.

Framlegg til vedtak:

«Nordre Holsnøy Idrettslag får utvide disposisjonsretten til 30 år av gjeldande avtale.»

Utval for levekår - 14/2016

ULK - behandling:

ULK - vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at Nordre Holsnøy Idrettslag får utvide disposisjonsretten til 30 år av gjeldande avtale.»

Kommunestyret - 11/2016

KS - behandling:

Anne Grete Eide, AP bad kommunestyre vurdere sin habilitet ved handsaming av sak 11 og 12, grunna at ho er styremedlem i idrettslaget NHIL.

Anne Grete Eide gjekk frå ved handsaming av habilitetsspørsmålet.

Det vart røysta over habilitetsspørsmålet.

Avrøysting:

Anne Grete Eide vart samrøystes erklært habil.

Deretter tok Anne Grete Eide sete.

KS - vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at Nordre Holsnøy Idrettslag får utvide disposisjonsretten til 30 år av gjeldande avtale.»